

Prøve ID

Mottatt (sign/dato)

*** Må fyllast ut av kunde**

Namn på kunde eller oppdragsgjevar *		Ordrenr.:	
Adresse *		E-postadresse kontaktperson *	Telefonnr. *
Postnr. *	Poststad *	Analyserapport til (e-postadresse) *	
Fakturaadresse (EHF, e-post eller personnr) *		Referanse faktura	
Dato for prøvetaking:		Dato innlevert	
Dato og Signatur (prøvetakar stadfestar bestillinga, og følgjeskjemaet er å sjå på som ein avtale mellom kunde og SunnLab as). *			
.....			
Opplysningar om prøven (skal fyllast ut av oppdragsgjevar)			
Type prøve (f.eks jord, stein sement, bygningsmasse)			
Kva består prøven i seg sjølv av:			
Bruksområde for prøven (f.eks deponi eller gjenbruk)			
Krav iht forskrift (f.eks avfallsforskrift)			
Fyll ut ved mistanke om spesifikke farlege stoff i prøven (til dømes tungmetall, miljøgifter (PCB, PAH), metallorganiske stoff (eks. tributyltinn frå antibegroingsmiddel), DDT, TBT, o.l			
Analysar (Kryss av for dei analysane du ønskjer å få utført):			
Massetest			
Ristetest			
Kolonnelest			
Ekstrarapport (rapport der SunnLab vurderer analysar iht krav)			
Andre analysar (fyll inn):			

INFORMASJON

- Prøvetakar er sjølv ansvarleg for å sjå til for at prøveuttaket er representativt. Informasjon om prøveuttak finn ein i standard NS-EN 14899:2005 og tilhøyrande fagrapportar CEN/TR 15310-1 til –5 (kan kjøpast: www.standard.no).
- Prøven må takast ut med reint prøvetakingsutstyr, og utstyret må reingjerast med aceton mellom kvar prøve for å unngå krysskontaminering.
- Prøven må oppbevarast på eigna og rein prøveemballasje for å unngå kontaminering av prøven. SunnLab kan sende emballasje til kundar på førespurnad.
- Prøveemballasjen må merkast godt, dette er spesielt viktig ved uttak av fleire prøvar samstundes.
- Legg ved sikkerhetsdatablad dersom det er tilgjengeleg for prøven som skal analyserast, dette gjev informasjon om kva prøven i seg sjølv består av.
- Dersom det er blåsesand som skal analyserast, legg ved sikkerhetsdatablad på stoffa som sanden er brukt til å blåse vekk dersom det er tilgjengeleg.
- Krav om testing gjeld i følgje KLIF-informasjon TA-2225/2007 avfall som skal deponerast i deponi for inert avfall og farleg avfall, samt for ikkje-reaktivt farleg avfall som skal deponerast i eigne celler eller saman med ordinært avfall på deponi for ordinært avfall. Det krevst både kolonnetest og ristetest. Det er ikkje påkravd med laborietesting for ordinært avfall som skal på deponi for ordinært avfall under føresetnad av at det ikkje er mistanke om at det ordinære avfallet inneheld farleg avfall. Dette er avfallsprodusenten sitt ansvar.
- Ein kan gjennomføre ei basiskarakterisering (massetest) for å bestemme eller klassifisere om avfallet er farleg avfall. Massetest kan til dømes òg utførast i kombinasjon med ristetest og kolonnetest.
- Til massetest treng vi 0,6 kg prøve, til ristetest treng vi 0,5 kg og til kolonnetest treng vi 2 kg prøve. Ved mistanke om spesifikke farlege stoff bør analyse av desse stoffa inkluderast. Ta da kontakt med laboriet for informasjon om prøvemengde som krevst.

Informasjon om vanlege analysepakkar

Massetest: Analyse av arsen, kadmium, krom, kopar, kvikksølv, nikkel, bly, sink, PCB-7, PAH, BTEX og alifatiske hydrokarbon (olje). Er det sandblåst gamle skip bør tributyltinn (TBT) òg analyserast.

Ristetest inkludert analyse av utlekkingsvatn (arsen, barium, kadmium, krom, kopar, kvikksølv, molybden, nikkel, bly, antimon, selen, sink, klorid, fluorid, sulfat, fenolindeks, løyst organisk karbon (DOC), totalt løyst stoff (TDS) og pH). Simulerer middels langtids utlekkingsforløp av miljøgift frå deponi. skje om **TOC-analyse** inkludert i massetesten

Kolonnetest inkludert analyse av utlekkingsvatn (arsen, barium, kadmium, krom, kopar, kvikksølv, molybden, nikkel, bly, antimon, selen, sink, klorid, fluorid, sulfat, fenolindeks, løyst organisk karbon (DOC), totalt løyst stoff (TDS) og pH). Simulerer kort til middels lang tids utlekkingsforløp av miljøgift frå deponi.

Ekstrarapport der vi vurderer analyseresultata.

Analysane blir utført av underleverandør.

Generelt om analysar og prøvingar, og bruk av underleverandør

Analysar og prøvingar: Opplysningar om akkrediteringsstatus, metodikk, måleusikkerheit, deteksjonsgrenser og pris får du ved å ta kontakt med oss i SunnLab as. Oppdatert akkrediteringsstatus finn du òg på Norsk Akkreditering si heimeside, www.akkreditert.no. SunnLab sit testnummer er TEST 114.

Underleverandør: Vi brukar underleverandør for analysar vi sjølv ikkje kan utføre. For blåsesand nyttar vi ALS Laboratory Group Norway AS som underleverandør. Ved å signere følgjeskjema anser vi at underleverandør er akseptert av kunden. Underleverandør kan igjen nytte eigen underleverandør.